



STRANDA BARNEHAGE 2023-2024 DEN GODE STARTEN

Innhald

1. Innleiing.....	4
2. Presentasjon av Stranda barnehage	4
2.1 Barnehagens visjon er:	5
.....	5
2.2 Barnehagen sine mål er:.....	5
3. Barnehagens formål og innhald:.....	6
3.1 Omsorg.....	6
3.2 COS- Circle of security	7
3.3 Danning.....	8
3.4 Leik.....	9
3.4 Læring	10
3.6 Vennskap og fellesskap.....	11
3.7 Kommunikasjon og språk.....	12
3.8 Barns medverknad.....	13
4. Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage. (Re komp)	14
5 Hovudsatsinga vår: Godt fortalt!.....	14
6 Trygg i felleskap	16
Nulltoleranse og førebyggjande arbeid	16
7. SMART oppvekst.....	16
8. BTI- Betre Tverrfagleg Innsats.....	17
9. Fagområda med progresjonsplan.....	17
9.1 Kommunikasjon, språk og tekst	18
9.2 Kropp, rørsle, mat og helse.....	19
8.3 Kunst, kultur og kreativitet	20
8.4 Natur, miljø og teknologi	21
8.5 Etikk, religion og filosofi.....	22
8.6 Nærmiljø og samfunn	23
8.7 Mengd, rom og form	24
9 Samarbeid mellom heim og barnehage	25
10 Overgangar.....	26

10.1	Når barnet byrjar i barnehagen	26
10.2	Overgangar i barnehagen	26
10.3	Overgang mellom barnehage og skule.....	26
10.3.1	Årshjul om overgang frå barnehage til skule.....	27
11	Samarbeid med andre instansar	28
12	Planlegging, vurdering og dokumentasjon.....	28
12.1	Planlegging	28
12.2	Vurdering.....	29
12.3	Dokumentasjon	29



1. Innleiing

Rammeplanen, lov om barnehagar og kommunale planar er styrande for barnehagen si verksemd, og er forpliktande dokument for planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda.

Stranda barnehage sin årsplanen skildrar korleis vi arbeidar med dei ulike fagområda.

Årsplanen er:

- ❖ Eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet til å styre verksemda i ei bevisst og uttalt retning.
- ❖ Eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.
- ❖ Eit grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen.
- ❖ Informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen til eigar, politikarane, samarbeidspartar og andre interesserte.

Årsplan skildrar korleis vi arbeidar med omsorg, danning, leik og læring som stimulerer til allsidig utvikling for barna i nært samarbeid og forståing med heimen. Den gjev også informasjon om kva vi satsar på dette året, og kva mål vi har innanfor barnehagens fagområde. Årsplanen seier også noko om korleis føresegna i barnehagelova om innhald blir fylgt opp, dokumentert og vurdert.

2. Presentasjon av Stranda barnehage

Stranda barnehage er ein kommunal barnehage som ligg på Forland, heilt sør i Øygarden kommune. Barnehagen har naturskjønne omgjevnadar, med flott uteområde kor barna kan leike seg i eit variert terreng.

Vi er ein 6 avdelings barnehage med til saman 90 barn og ca 30 tilsette. Vi er ein barnehage som legg vekt på gode læringsarenaer. Vi har eit stort fokus på barns medverknad, og tek omsyn til barna sitt ståstad. Personalet i barnehagen er bevisste på at barna treng alderstilpassa utfordringar og oppgåver som dei kan strekkje seg etter, for såleis få føle meistring.

Vi har to småbarns avdelingar, doggdråpen og kvisthola, med plass til 12 barn på kvar. Vi har 3 stor barns avdelingar inne, eldstova, spirekassen og vindgjelet med 18 og 19 plassar. I tillegg har vi ei ute-/friluftsavdeling, solstråla, med 16 plassar i alderen 2-6 år.

2.1 Barnehagens visjon er:

*Stranda barnehage
- den gode starten -*

2.2 Barnehagen sine mål er:

- ❖ Vi skal gje omsorg og stimulere til utvikling via leik, læring og samhandling i eit inkluderande miljø prega av tryggleik og trivsel.
- ❖ Barna skal få ulike utfordringar tilpassa den enkelte sine føresetnader.
- ❖ Personalet skal legge til rette for eit godt samarbeid med foreldre/føresette, interne og eksterne aktørar.
- ❖ Barna skal få uttrykkje sitt syn på barnehagens daglege verksemd.
- ❖ Barna skal få kjennskap, kunnskap og erfaring med lokale tradisjonar knytt til lokalmiljøet vårt.
- ❖ Barna skal få oppleve naturen og få undre seg over den.
- ❖ Personalet er ein del av eit stimulerande læringsmiljø med fokus på nytenking og utvikling.



3. Barnehagens formål og innhald:

3.1 Omsorg

«Barnehagen skal i nært samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik. Leggje til rette for å fremme læring og danning som er grunnlaget for allsidig utvikling» (Barnehagelova § 1 Formål, 1. ledd, første punktum).

Ein omsorgsfull relasjon mellom barna og personalet er prega av lytting, nærleik, innleving, evne og vilje til samspel.

I Stranda barnehage skal barna lære å utvikle empati og nestekjærleik. Kvart enkelt barn skal bli sett, høyrte, forstått og respektert.

I følgje rammeplanen skal personalet arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakar av omsorg, men som og verdsett omsorgshandlingane til barna.

I Stranda barnehage har vi fokus på trygg tilknytning og gode relasjonar i møte med barn og foreldre. Vi skal være lydhøyre og sette ord på det barna gjev uttrykk for.

Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> ❖ Vi skal sørge for at alle barn føler seg trygge, trivest og har ei kjensle av tilhøyring i barnehagen. ❖ Støtte barna til å uttrykke empati og nestekjærleik. ❖ Barna skal utvikle tillit til seg sjølv og andre. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Møte alle barn på ein varm, imøtekommande, open og respektfull måte. ❖ Vi skal vise omsorg for kvart enkelt barn utifrå deira føresetnad og verdsette omsorgshandlingane til barna. ❖ Legge til rette for at barna kan knytte seg til personalet og bygge relasjonar til andre barn. ❖ Trygge tilsette med samkøyrte reglar og rutinar for barna. ❖ Personalet skal bruke COS-metoden (sjå side 7). ❖ Lytte, sjå og respektere kvart enkelt barn. ❖ Barna får dekke sitt behov for aktivitet og kvile.



3.2 COS- Circle of security


Vi brukar metoden COS for å nå måla om trygg tilknytning. Eit barn har i hovudsak to typar tilknytingsbehov. Dei treng ein omsorgsperson som kan støtte barnet si utforsking og fungere som ei trygg base («passe på meg, være god mot meg, hjelpe meg, vise glede når vi er saman»). Barnet treng også at omsorgspersonen er der når det søker nærleik og at han eller ho kan fungere som ei trygg hamn («beskytt meg, trøyst meg, vis godheit for meg, organiserer kjenslene mine»). Barnet sitt behov er at det treng støtte for å utforske, å bli passa på og oppleve å bli delt glede saman med, men også å bli ønska velkommen tilbake, bli beskytta, trøysta og få organisert kjenslene.

Tryggleiks sirkelen viser oss at foreldre/omsorgspersonar har to funksjonar ovanfor barnet

- ❖ Være ein trygg base som barnet kan våge å bevege seg bort frå utan at barnet blir forlat
- ❖ Være ei sikker hamn som alltid er der for å ta i mot når barnet har behov for nærleik/trøyst frå den vaksne.

I COS lærer dei vaksne korleis dei kan møte barnas kjenslemessige behov og korleis hjelpe til å bli bevisste eigne utfordringar i å imøtekomme barnets tilknytingsbehov. Tilsette får tilbod om opplæring i COS. Helsestasjonen tilbyr COS kurs for foreldre.

COS-sirkelen:



3.3 Danning

Barnehagen skal oppmuntre barna til å være prøvande, til å være nysgjerrige på omverda, og bidra til å legge grunnlaget for modig, sjølvstendige og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap (Rammeplan s.21).

I Stranda barnehage skal vi bidra til å fremje tilhørsla til samfunnet, naturen og kulturen. Danning skjer i ein prosess i møte mellom mennesket og omgjevnadane.

Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> ❖ Vi skal støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet ❖ Vi skal synleggjere mangfald og ulikskaper. ❖ Legge til rette for meiningsfulle opplevingar og støtte identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barna. ❖ Møte barna der dei er og undre seg saman med dei, og inviterer dei til reflekterande og utforskande samtaler. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Samling ❖ Leikegrupper ❖ Jobbe med ulike tema ❖ Markere ulike nasjonaldagar som er representert i barnegruppa. ❖ Markere FN-dagen med fokus på barns rettigheter. ❖ Gå turar i nærmiljøet for å bevisstgjere den lokale kulturen og tilhørigheten.

Barna skal utvikle kritisk tenking, etisk vurderingsevne og evne til å yte motstand og handlingskompetanse gjennom samspel, dialog, leik og utforsking.



3.4 Leik

”Barnehagen skal gi barna moglegheit for leik, livsutfolding og meiningsfylte opplevingar og aktivitetar i trygge og samtidig utfordrande omgjevnadar” (Barnehagelova § 2 Barnehagens innhald).

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik-aleine og saman med andre (Rammeplanen s. 20).

Leiken er ein viktig del av barns kvardag og deira trivsel. Leik er motiverande for barnet. I Stranda barnehage har vi fokus på leiken sin eigenverdi som ein viktig arena for utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling.

Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> ❖ Gje gode vilkår for leik og venskap. ❖ Framme eit inkluderande miljø der barna kan delta i leik og erfare glede i leik. ❖ Observere og analysere, støtte og delta i leiken på barna sine premisser. ❖ Vi skal være eit inkluderande og leikande personalet. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Personalet skal organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til leik og utforsking, og leggje til rette for små leikegrupper. ❖ I tilrettelegging av leikemiljø skal barns medverknad være sentral. ❖ Barna vert oppmoda til å inkludere andre barn i leiken. ❖ Barna sin medverknad basert på observasjon av barna skal leggjast til grunn for tilrettelegging av læringsmiljøet. ❖ Personalet skal ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle vert inkludert i leiken. ❖ Personalet er aktivt til stades i leiken, som observatør, deltakar og rettleiar.



3.4 Læring

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane (Rammeplan s. 22).

I Stranda barnehage skal barna få oppdage og forstå samanhengar, undre seg, utvide perspektiv og få ny innsikt ved å bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine.

Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> ❖ Støtte barnas refleksjonar og leggje til rette for heilskepelege læringsprosessar. ❖ Utvide barnas erfaring og sørge for progresjon og variasjon i innhaldet i barnehagen ❖ Barneahagen skal være ein arena for læring gjennom leik. ❖ Gjennom leik og læring skal barnehagen danne grunnlag for allsidig utvikling. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Personalet skal leggje til rette for at barna kan bidra i eigen og andre si læring i eit inkluderande felleskap, i samarbeid og forståing med heimen. ❖ Støtte barna i daglege lærings situasjonar som måltid, garderoben og læring gjennom leik. ❖ Personalet skal støtte læring gjennom leiken og saman med barna utvikle ulike leikemiljø. ❖ Personalet skal undre, utforske og eksperimentere saman med barna. ❖ Førskulearbeid for dei eldste barna. ❖ 4-års klubb for barna født i 2019.



3.6 Vennskap og fellesskap

I barnehagen skal alle barn kunne erfare å være viktige for fellesskapet og være i positivt samspel med andre barn og voksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap (Rammeplanen s.23).

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskap og haldningar som vert utvikla gjennom sosial samspel (Rammeplan s.22).

I Stranda barnehage skal vi fremje barna si sjølvkjensle og prososiale handlingar, samtidig skal barna få hjelp til å mestre balansen mellom å ta omsyn til andre og dekke sine egne behov.

Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> ❖ Barna får oppleve trygge grenser og få støtte til å utvikle gode samhandling strategiar. ❖ Alle barn skal få oppleve vennskap og sosialt fellesskap og lære å halde på venner. ❖ Barn skal få oppleve at dei er betydningsfulle og har eit positivt samspel med barn og tilsette i barnehagen. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap ved å være bevisst og deltakande i kvardagen. ❖ Observasjon og samtalar med barna og foreldre. ❖ Barnesamtaler ❖ Litteratur og samtaler om vennskap. ❖ Alle barn får erfare positivt samspel og blir bevisst egne og andre sine styrker. Vi bruker styrkane frå smart oppvekst. (Les om Smart oppvekst s 16) ❖ Barna skal få støtte til å sette egne grenser, respektere andre sine grenser og finne gode løysingar i konfliktsituasjonar. ❖ Personalet skal førebyggje, følgje opp og stoppe diskriminering og mobbing.



3.7 Kommunikasjon og språk

Barnehagen skal være bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barna si utvikling. Alle barna skal få god språkstimulering gjennom barnehage kvardagen og få delta i aktivitetar som fremmer kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling (rammeplanen s.23).

I Stranda barnehage skal vi leggje til rette for at alle barn skal få varierte og positive erfaringar ved å bruke språket for å kunne uttrykke egne tankar og kjensler.

Vi har fokus på at barna får ta i bruk alle sine uttrykksmåtar. Både den non-verbale og verbale kommunikasjonen er viktig for utvikling av eit rikt språk. Vi nyttar også ASK (Alternativ supplerande kommunikasjon), og bygger kompetanse i personalgruppa på dette området.

Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> ❖ Barna får oppleve spenning og glede gjennom ulike språkaktivitetar og språkstimulering. ❖ Barna får oppleve støtte og anerkjenning gjennom ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, både verbalt og non-verbalt. ❖ Det vert lagt til rette for at barna skal få moglegheit til vidareutvikle si omgrepsforståing og bruke eit variert språk. ❖ Bruke språket for å skape relasjonar, delta i lek og som reiskap for å løyse konflikhtar. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Personalet skal være gode språklege rollemodellar, og ha fokus på språk og barnas språkutvikling ❖ Ulike aktivitetar til dømes lek, improvisere og eksperimentere med rim og regler, lydar og ord. ❖ Nytte ASK ❖ Førskulearbeid ❖ Tilretteleggjar for at barna får uttrykkje seg i samspel og kommunikasjon. ❖ Hjelp barnet til merksemd, uttale, ord og setningsproduksjon. ❖ Ha fokus på språkforståing og språkleg medvit. ❖ Følgje med på språket til barna, fange opp og støtte barn som har ulike kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling.



3.8 Barns medverknad

Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege verksemd. Dei skal jamleg få mogelegheit til aktiv deltaking i planlegginga og vurderinga av barnehagens verksemd. Barns synspunkt skal tilleggjas vekt i samsvar med eigen alder og modenskap (Barnehagelova §3 Barns rett til medverknad).

I stranda barnehage legg vi til rette for at barna sikrast rett til medverknad, ved at dei får erfare at dei aktivt får være med å planlegge og vurdere barnehageverksemda.

Barna får ei oppleving av at dei har noko å bidra med, at deira meinig tel og vert lytta til.

Mål	Metode
<ul style="list-style-type: none"> ❖ Barna får ei oppleving at dei får være med å påverke dagen sin. ❖ Barna får oppleve demokrati, og eit inkluderande felleskap, der alle får høve til å ytre seg, bli høyrtd og delta. ❖ Barna opplever å bli høyrtd, at dei er viktig og at deira meinig tel. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Observere, lytte og følgje barna sine ynskjer og behov, der det er mulig. ❖ Ha fleksible planar og gi rom for spontanitet i kvardagen. ❖ Personalet er fleksibel og prioritere barnas behov framfor egne behov. ❖ Personalet legg til rette for medverknad utifrå alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. ❖ Ha samtalar med barna som oppmuntrar dei til å gje uttrykk for egne tankar og meiningar både individuelt og i grupper.



4. Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage. (Re komp)

Regional ordning skal bidra til at barnehagar utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehage basert kompetanseutvikling. Den er eit av fleire verkemidlar som skal sikre at alle barn får et likeverdig barnehagetilbod av høy kvalitet. Hovudmålet er utvikling av kvalitet. At barna opplever den kvaliteten som planverket beskriver. Den bidrar til å støtte implementering av rammeplanen.

Dette er eit utviklingsarbeid som starta hausten 2021. Vi har allereie jobba med dette i to år og skal jobbe med dette prosjektet også i starten av dette barnehageåret, fram til jul. Gjennom dette arbeidet skal vi ha fokus på og vidareutvikle oss innanfor tema «*eit inkluderande miljø for leik, læring, omsorg og danning*»

5 Hovudsatsinga vår: Godt fortalt!

Satsingsområdet vårt dette barnehageåret er:

GODT FORTALT

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både munnlege språk og skriftspråk (Rammeplanen, s. 47-48).

Dette året er satsinga vår GODT FORTALT!

Gjennom «GODT FORTALT!» legg vi til rette for å styrke barnas utvikling innanfor språk og sosial kompetanse. Barna får kjennskap til ulik litteratur og ulike kommunikasjonsmetodar, med mål om at dei skal oppleve meistring og få gode opplevingar i fellesskap med andre barn og dei tilsette.

Mål:

Gi barna erfaring med sosial kompetanse og språk, gjennom lek, bøker, forteljingar, eventyr og musikk.

Metode:

- Leik
- Lese bøker
- Dramatisere
- Musikk
- SMART oppvekst.
- Fokus på omgrepsinnlæring
- De vil lese meir om den ulike avdeling sin metode i periodeplanane.



6 Trygg i felleskap

Nulltoleranse og førebyggende arbeid

Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når eit barn i barnehagen blir utsett for slike krenkingar.

Barnehagen skal førebygge tilfelle der barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barn.

Kunna - vilja - våga - stoppa mobbinga

Målsetjinga til «TRYGG I FELLESSKAP» er å førebyggja og å redusera omfanget av mobbing generelt i Øygarden kommune – og å sikra at mobbing vert avdekt og handtert godt av alle som er i relasjon til barn og unge.

Om de ynskjer å vite meir om trygg i felleskap, finn de meir info om dette på heimesida til Øygarden kommune:

<https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/skule-og-sfo/skule/mobbing/trygg-i-felleskap/>

7. SMART oppvekst

Gjennom arbeidet med sosial kompetanse brukar vi i Stranda barnehage eit tankesett som heiter SMART oppvekst. SMART oppvekst skal bidra til robuste barn og unge som taklar det livet byr på av medgang og motgang. SMART oppvekst handlar om å sette verdiar og prinsipp (Styrkefokus, Medverknad, Anerkjenning, Relasjonar og Trening) i bevegelse for å bygge denne kulturen og dette fellesskapet. Det handlar om våre opptredener og handlingar i våre mellommenneskelege møter.

Eit av dei mest sentrale verktyøya er eit språk om styrker og gode eigenskapar. I arbeidet med barna er det meir effektivt å gå frå:

- ❖ fokus på problem og vanskar til fokus på styrkane til barna.
- ❖ betre å gå frå reparasjon til å forebygge



SMART kompasskurs

S – styrkefokus
M – medvirkning
A – anerkjennelse
R – relasjoner
T – trening

SMARTe
verktøy
og
metoder

Bygge felleskap
der **ALLE**
opplever
tilhørighet,
livsglede og håp.



8. BTI- Betre Tverrfagleg Innsats

Det skal vera trygt og godt å veksa opp i Øygarden. Av og til oppstår likevel utfordringar som gjer at ikkje alle har det så bra. I vår kommune følgjer me BTI-modellen for å sikre at barn og unge får den hjelpa dei treng.

Betre Tverrfagleg Innsats, BTI-modellen, er ein samhandlingsmodell som beskriv den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, barn, unge og familiar som det er knytt ei bekymring til. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering.

Vi bruker denne modellen i arbeidet vårt.

<h3>Nivå 0</h3> <p>Definer uroa for eit barn. Del uroa med næraste leiar, før du eventuelt deler uroa med føresette/barnet.</p> <p>Steg:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1 Definer uroa for eit barn 2 Del uroa med leiaren din 3 Del uroa med føresette/barnet 4 Grunn til vidare oppfølging? 5 Avslutt eller gå vidare til nivå 1 	<h3>Nivå 1</h3> <p>Jobb saman med føresette og barn for å finna ei løysing. Her vert det i utgangspunktet jobba innan ei enkelt teneste/avdeling.</p> <p>Steg:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1 Samtykke til stafettlogg 2 Skap felles forståing 3 Sett i verk tiltak 4 Evalueringsmøte - drøftingsdel 5 Evalueringsmøte - avgjerd om vegen vidare 	<h3>Nivå 2</h3> <p>Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom kommunale tenester, føresette og barn for å løysa utfordringa</p> <p>Steg:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1 Samarbeidsmøte - oppstart 2 Samarbeidsmøte - planlegg tiltak 3 Sett i verk tiltak 4 Evalueringsmøte - drøftingsdel 5 Evalueringsmøte - avgjerd om vegen vidare 	<h3>Nivå 3</h3> <p>Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester, føresette/barn og tilviste tenester for å løysa utfordringa.</p> <p>Steg:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1 Første møte mellom aktuelle instansar 2 Planlegg tiltak 3 Sett i verk koordinerte tiltak 4 Evalueringsmøte - drøftingsdel 5 Evalueringsmøte - avgjerd om vidare koordinert innsats
---	---	--	---

9. Fagområda med progresjonsplan

Fagområda speglar området som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal være ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. (Rammeplanen s.47).

Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høver til leik, aktivitetar og læring. Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. (Rammeplan s 44)

9.1 Kommunikasjon, språk og tekst

Gjennom arbeidet med fagområda skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståing, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer (Rammeplanen s 47).

	Mål	Metode
0-3 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Lære nye ord, omgrep og teikn. ❖ Bruket språket verbalt. ❖ Utvikle språkforståing ❖ Opplive spenning og glede ved å bruke språket. ❖ Sjå samanheng mellom tekst og bilde. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Bruke god tid til samtale med barn i daglege situasjonar som av/påkledning, måltid, leik osv. ❖ Gjenkalling av opplevingar og undre oss saman med barna. ❖ Ulike språkleikar ❖ Musikk og instrument ❖ Høgtlesing ❖ Personalet set ord på det barnet gjer og føler. ❖ Rolleleik/dramatisering, med og for barna. ❖ Gjere barna kjend med ulike bøker. ❖ Nytte ASK
3-6 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Vidareutvikle omgrepsforståing og bruke eit variert ordforråd. ❖ Barna skal få erfaring med ulike skriftspråklege uttrykk. (leikeskrift, teikning og bokstavar) ❖ Sjå samanheng mellom tekst og bilde. ❖ Utvikle forteljar kompetansen til barna. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Lese bøker og eventyr. ❖ Spel ❖ Rolleleik/dramatisering, med og for barna. ❖ Musikk, ordrytme og instrument. ❖ Ulike språkleikar. ❖ Høgtlesing. ❖ Munnlege forteljingar. ❖ Leggje til rette for erfaringar med leikeskrift og bokstavar. ❖ Nytte ASK

9.2 Kropp, rørsle, mat og helse

Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt.

Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut i frå egne føresetnader (Rammeplanen s. 49).

	Mål	Metode
0-3 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Ha gode rutinar når det gjeld hygiene og handvask ❖ Gi barna gode opplevingar og erfaringar i å være ute, på uteområdet og på tur. ❖ Få kjennskap til egne behov og menneskekroppen. ❖ Utvikle motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar. ❖ Fokus på variert og sunt kosthald. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Handvask ❖ Gå i ulendt terreng. ❖ Songar med rørsle, songar om kroppsdelar. ❖ God plass til å boltre seg på. ❖ Sansestimulerande aktivitetar. ❖ Variasjon i aktivitetar. ❖ Regulere aktivitetsnivå. ❖ Kvilestund med rolege aktivitetar/sovestund. ❖ Fokus på sunt kosthald. ❖ Samtale med barna om kor maten kjem i frå.
3-6 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Vidareutvikle grov og fin motorikk. ❖ Bli trygg på eigen kropp. ❖ Ha gode rutinar når det gjeld hygiene og sunt kosthald. ❖ Vidareutvikle kroppsmeistring. ❖ Få kunnskap om menneskekroppen. ❖ Sette grenser for eigen kropp, og respektere andre sine grenser. ❖ Få innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Turdagar. ❖ Ulike aktivitetar og leikar med song og rørsle. ❖ Sansemotorisk trening. ❖ Sjølvstendetrening. ❖ Handvask ❖ Faste måltid ❖ Kvilestund/lesestund ❖ Få ulike typar ansvar for t.d. å dekke bordet, halde orden på plassen sin. ❖ Vi skal leggje til rette for danning, samtalar og fellesskap i samband med måltidet. ❖ Lese bøker om kroppen. ❖ Barna skal få være med å plante og være med på prosessen frå frø til måltid.



8.4 Kunst, kultur og kreativitet

I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barnehagen skal legge til rette for samhøyrslse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk (Rammeplanen s. 50).


	Mål	Metode
0-3 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Gje barna gode inntrykk og erfaringar med ulike materialar og teknikkar. ❖ Bli kjent med ulike kulturar og nasjonalitetar. ❖ Uttrykkje seg gjennom song, musikk, dans og drama. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Tilby barna ulike materialar. ❖ I samarbeid med foreldre kan vi markere ulike nasjonaldagar som er representert i barnegruppa. ❖ Lære barna ulike og tradisjonelle songar. ❖ Vi dramatiserer for og med barna. ❖ Barna har tilgang til bøker, instrument og materiell, som fremmer kreativitet.
3-6 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Utforske ulike materialar og teknikkar. ❖ Ta i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede ❖ Bli kjent med ulike kulturar og nasjonalitetar. ❖ Uttrykkje seg gjennom song, musikk, dans og drama. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Tilgang til variert materiale og verktøy. ❖ I samarbeid med foreldre kan vi markere ulike nasjonaldagar som er representert i barnegruppa. ❖ Motivere barna til å uttrykkje seg kreativt gjennom dei ulike materialane som dei blir kjent med. ❖ Blir kjent med instrument og tradisjonelle songleikar.



8.5 Natur, miljø og teknologi

Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evne til å orienterer seg å være i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av natur opplevingar og få oppleve naturen som arena for lek og læring (Rammeplan s. 52).

Mål	Metode
0-3 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Få oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen. ❖ Få gode friluftsupplevingar, året rundt. ❖ Få erfaringar med dyr og plantar i norsk natur. ❖ Gje barna erfaringar med digitale verktøy.
3-6 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Oppleve naturen året rundt. ❖ Bli kjent med naturen og berekraftig utvikling, og ta vare på den. ❖ Bruke naturen som leikearena. ❖ Få kunnskap om dyr og dyreliv. ❖ Få kjennskap til livssyklusen til mennesket. ❖ Arbeide med fenomen i den fysiske verda. ❖ Få grunnleggjande innsikt i natur, miljøvern og samspelet i naturen. ❖ Lære å bruke digitale verktøy



8.6 Etikk, religion og filosofi

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar (Rammeplanen s. 54).

	Mål	Metode
0-3 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Få kjennskap til kristne og humanistisk arv og tradisjonar, og andre religionar og livssyn som er representert i barnehagen. ❖ Utvikle interesse og respekt for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livsmessig tilhørrel. ❖ Få kjennskap til, og vise respekt for andre land og kulturar. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Markere høgtider og tradisjonar som blant anna jul og påske, i samarbeid med kyrkja. ❖ Vi markerer Lucia, nissefest, lysfest, karneval og fastelavn.
3-6 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Få kjennskap til kristne og humanistisk arv og tradisjonar, og andre religionar og livssyn som er representert i barnehagen. ❖ Utvikle interesse og respekt for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livs messig tilhørrel. ❖ Få kjennskap til, og vise respekt for andre land og kulturar. ❖ Utforske og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Markere høgtider og tradisjonar som blant anna Lucia, nissefest, lysfest, karneval og fastelavnen. ❖ Vi samarbeider med kyrkja om besøk både til påske og til jul. ❖ Personalet skal være tilgjengeleg og gi rom for undring og refleksjon i kvardagen over spørsmål knytt til etikk, religion og filosofi.

8.7 Nærmiljø og samfunn

Gjennom utforskning, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nærmiljøet (Rammeplanen s. 55- 56).

	Mål	Metode
0-3 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Barna skal få gode opplevingar i nærmiljøet. ❖ Fokus på familien, la barna bli kjent med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformar. ❖ Lære om korleis ein ferdast trygt i trafikken. ❖ Vi skal gi barna kjennskap til kor viktige menneskerettane er, særleg barnekonvensjonen. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Gå turar i nærmiljøet. ❖ Lage hus med bilder av familien til barnet på småbarnsavdeling. ❖ Markere samanes nasjonaldag ❖ Erfare korleis ferdast trygt i trafikken. ❖ Vi markerer FN-dagen
3-6 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Bli kjent med lokalsamfunnet, lokalhistorie og lokale tradisjonar. ❖ Bli kjent med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformar. ❖ Få kjennskap til samanes kultur og opprinnelse. ❖ Lære om korleis ein ferdast trygt i trafikken. ❖ Vi skal gi barna kjennskap til kor viktige menneskerettane er, særleg barnekonvensjonen. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Gå turar i barnehagen sitt nærmiljø, med fokus på lokale tradisjonar og lokal historie. ❖ Markere samanes nasjonaldag ❖ Samtale om korleis ferdast trygt i trafikken. ❖ Vi markerer FN-dagen.



8.8 Mengd, rom og form

Fagområdet handler om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelpe barna til å forstå sammenhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere sammenhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølv være kreative og skapande (Rammeplanen s. 53).

	Mål	Metode
0-3 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Barna skal utvikle romforståing ❖ Bli kjent med matematiske omgrep ❖ Bli kjent med ulike former gjennom å utforske, erfare og leike ❖ Bli kjent med mengdeomgrep 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Bruke kroppen og sansane til å utvikle rom forståing ❖ Personalet skal bruke matematiske omgrep reflektert og aktivt i kvardagen ❖ Personalet skal skape tid og rom til å utforske, erfare og leike med ulike materialar og former. ❖ Spel og bøker.
3-6 år	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Vidareutvikle matematiske omgrep ❖ Få utvida kjennskap til tall, mengd, romforståing, form og mønster. ❖ Erfare, utforske og leike med former og mønster. 	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Erfare ulike formar og storleik gjennom å sortere, kategorisere og samanlikne. ❖ Personalet skal stimulere og støtte barnet til å oppdage og bruke matematiske omgrep aktivt i kvardagen. ❖ Personalet skal bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr for å inspirere barna til å tenke matematisk.



9 Samarbeid mellom heim og barnehage

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Samarbeid mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barna skal trivest og utvikle seg. Barnehagen skal vareta foreldra si rett til medverknad, og barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeid og god dialog både på individnivå og gruppenivå (Rammeplanen s. 29).

Metode:

- ❖ Føresette får tilbod om startsamtale i samband med oppstart i barnehagen.
- ❖ Vi har dagleg kontakt i bringe og hente situasjonar med foreldra.
- ❖ Foreldra får tilbod om 2 samtalar årleg.
- ❖ Vi arrangerer foreldremøte 2 gongar i året.
- ❖ Transponder- digital meldebok mellom heim og barnehage.
- ❖ Samarbeidsutvalet arrangerer lysfest og sommarfest.

Medverknad.

Barnehagen skal være ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Foreldra har rett til å medverke i desse prosessane (Rammeplanen s. 37).

Metode:

- ❖ I foreldremøtet vert foreldra invitert til å komme med innspel til det pedagogiske arbeidet og årsplanen.
- ❖ I utviklingssamtalen legg vi vekt på dialog og samarbeid på individnivå.
- ❖ Brukarundersøking annakvart år. Denne vert også lagt til grunn for samarbeidet.

Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet skal være eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ, som skal få inn saker som er viktige for innhaldet i og verksemda til barnehagen og forholdet til foreldra (Rammeplanen s. 30).

Stranda barnehage har eit samarbeidsutval (SU), med 6 representantar. 3 representantar frå personalet og 3 foreldrerepresentantar. Styrar er sekretær i SU.

SU sin oppgåver:

- ❖ Fastsetje årsplanen.
- ❖ Forslag til budsjett og driftsendringar.
- ❖ Kalle inn til foreldrerådsmøter.
- ❖ Ansvar for lysfest og sommarfest. Foreldra til 2018 barna i barnehagen har ansvar for det praktiske i høve til lysfesten. Foreldra til 2019 barna har ansvar for det praktiske i høve til sommarfesten.
- ❖ SU inviterer til foreldredugnad om våren.

10 Overgangar

10.1 Når barnet byrjar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barna kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barna får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn (Rammeplanen s. 33).

I Stranda barnehage har vi fokus på ein god og trygg start, der etablering av relasjonar og tilknytning mellom personalet og barn er hovudfokus.

Metode:

- ❖ Startsamtale med foreldra.
- ❖ Tilvenning i tett samarbeid og dialog med foreldre.

10.2 Overgangar i barnehagen

Personalet skal sørge for at barna og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personalet når eit barn byter barnegruppe (Rammeplanen s. 33).

Metode:

- ❖ Barna får besøkje den avdelinga dei skal byrje på jamleg på våren og sommaren.
- ❖ Overføringsmøte mellom pedagogane frå dei ulike avdelingane.

10.3 Overgang mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehagen til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheit som kan gje dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen (Rammeplanen s. 33-34).

Metode:

- ❖ Barnehagane i kommunen har felles rutinar for overgang mellom barnehage og skule.
- ❖ Leggje til rette for ekstra samarbeid kring barn med særskilde behov til tilrettelegging.
- ❖ Vi samarbeider med SFO om besøk i løpet av året med førskulebarna.

10.3.1 Årshjul om overgang frå barnehage til skule

Årshjulet gir oversikt over ulike tiltak i overføringsprosessen, seier noko om kven som har ansvar for gjennomføringa og til kva tid tiltaka skal gjennomførast. Årshjulet startar i august året før barnet startar på skulen.

Når:	Kva:	Ansvarleg	Frist:
August	Oppfølging av barn med omfattande særlege behov, gjeld fysisk tilrettelegging. Førebuing til skulestart hausten barnet fyller 4 år.	Styrrar	
September	Informere skulen om barn med særskilte behov som har vedtak etter § 35 og § 37 i Barnehagelova.	Styrrar	1.oktober
November	Overføringsmøte for barn med særskilte behov som treng tilpassing. Dette gjeld barn som har vedtak etter § 35 i Barnehagelova og som skal ha vedtak etter § 5.1, § 2.8 i Opplæringslova. Innhald i møtet: <ul style="list-style-type: none"> • Info frå heimen • Info frå barnehagen • Info frå PPT og eventuelt andre faginstansar 	Styrrar	1. desember
Januar/februar	Frå Folkeregisteret blir det importert liste i WIS over barn som skal starte på skulen. Føresette skriv barna inn i skulen digitalt Sakkunnig uttale om opplæringsbehov: <ul style="list-style-type: none"> • Blir stila til barneskulen og sendt i kopi til føresette. • PPT legg samtykkeskjema med i utsendinga til føresette. Føresette må returnere dette til skulen. Skulen sender ut informasjonsbrev om skulestart til føresette.	PPT og føresette	20. februar
Mars	Samtykke § 5-1, spesialundervisning <ul style="list-style-type: none"> • Fyllast ut av føresette. Barneskulane tek kontakt med dei aktuelle barnehagane og avtalar overføringsmøter for alle barn(gjeld dei som ikkje er § 5,1)	Rektor Rektor	1. mars 30.mars
April	Ordinære overføringsmøter:	Barneskulen/barnehagen	Mai/juni

	<ul style="list-style-type: none"> • Utfylte overføringsskjema • Samtykkeskjema frå føresette for utveksling av informasjon. 		
Juni	<p>Enkeltvedtak. Klagefrist 3 veker etter vedtaket.</p> <p>Førskuledagar. Barna blir invitert til skulen.</p> <p>Individuelle informasjonsmøte for elevar med særskilte behov, møte nr. 2 for å trygge god skulestart.</p> <p>Utveksling av informasjon m/ foreldre/føresette</p>	<p>Rektor/føresette</p> <p>Rektor/SFO-leiar</p> <p>Spes.ped.koordinator og avd.leiar for trinnet</p>	1.juni

11 Samarbeid med andre instansar

Barnehagen samarbeider med fleire instansar, til dømes:

- ❖ Helsetenesta
- ❖ Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT)
- ❖ Barnevernet
- ❖ Skulen
- ❖ Kulturskulen
- ❖ Vidaregåande skule (om praksiselevar)

Alle som jobbar i barnehagen har teieplikt vedrørande barn, føresette og personalet, men har opplysningsplikt til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at barn lever under vanskelege tilhøve eller opplever omsorgsvikt.

Barnehagen er ein viktig del av barna sitt oppvekstmiljø og personalet opparbeida eit nært tillitsforhold til barn, derfor må alle som skal jobbe i barnehagen leggje fram politiattest.

12 Planlegging, vurdering og dokumentasjon

12.1 Planlegging

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.

Planlegginga må vere basert på kunnskap om trivselen til barn og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Ho skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre. (Rammeplanen s. 37).

Vi skriv årsplan, periodeplanar og didaktiske planar basert på dokumentasjon og vurderingsarbeidet.

12.2 Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Kunnskap om trivselen og den allsidige utviklinga i barnegruppa og blant enkelt barn er viktig for å gi alle barn eit tilrettelagt tilbod.

Erfaringane og synspunkta til barna skal inngå i vurderingsgrunnlaget. Faglege og etiske problemstillingar skal inngå i vurderingsarbeidet. (Rammeplanen s. 38 -39).

Foreldra og tilsette skal vurdere barnehagen gjennom brukarundersøkingar og medarbeidarundersøkingar. Vurderingane skal brukast som grunnlag for den vidare planlegginga i barnehagen. Årsplanen er og eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverka innhaldet i barnehagen.

Plan for vurderingsarbeidet:

Kva skal vurderast:	Mål for vurderingsarbeidet	Kven skal delta i vurderingsarbeidet	Korleis vurdere:	Tidspunkt:
Didaktiske planane knytt til satsinga «godt fortalt».	Å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med Rammeplanen og barnehagelova. (Rammeplan s 38)	Personalet Synspunkta til barna skal inngå i vurderingsgrunnlaget.	I avdelingsmøter og pedagogisk leiar møter jamleg.	Avdelingsmøte og pedagogisk leiar møte 6 gongar i året.

12.3 Dokumentasjon

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Foreldra har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om eigne barn og til å få sletta eller korrigert opplysningar som er feilaktige eller missvisande (Rammeplanen s. 39-40)

Metode:

- ❖ Dokumentasjon vil være synleg på avdelinga gjennom bilde, tekst, teikningar og produkt.
- ❖ På sommar festen i slutten av barnehageåret har vi ei utstilling som viser kva vi har jobba med i forbindelse med satsingsområdet vårt gjennom året.
- ❖ Vi dokumenterer på individnivå gjennom utviklingsamtaler.

